

Sjefredaktør:
Lars Helle
e-post: lars.helle@aftenbladet.no

Administrerende direktør:
Hans Abrahamsen
e-post: hans.abrahamsen@aftenbladet.no

Redaktør:
Tarald Aano
e-post: tarald.aano@aftenbladet.no

Redaktører: Carl Gunnar Gundersen,
Kirsten Myklebust og Egil Ø. Nærland

Klimameldinga Ambisiøse mål

Fine ord, usikre resultat

DEN raud-grøne regjeringa har endeleg kome ut av bakevja i klimapolitikken. Etter mange utsetjingar vart klimameldinga lagt fram i går.

DEN INNEHELD overraskande ambisiøse mål. Men store ord har det alltid vore nok av i norsk klimapolitikk. Det er resultatata som manglar. Symbolsk nok vart meldinga lagt fram to dagar før 25-årsjubileet for Brundtland-rapporten, som vart noko av ein bibel for det internasjonale miljøarbeidet. På enkelte område har det skjedd viktige framsteg på desse åra.

Men klimapolitikken har gått galne vegen, både i Norge og i utlandet. Sidan 1990 har norske utslepp auka med 8 prosent.

Klimapolitikken har hatt motvind etter at alle partia utanom Frp inngjekk klimaforliket i 2008. Fleire nordmenn enn før er skeptiske til at klimændringane skal vera menneskeskapte. Den same tenden-

Klimameldinga

► **Målet** om 30 prosent kutt i norske klimagassutslepp innan 2020 ligg fast.

► **To tredelar** av kutta skal tas i Norge, resten som kvotekjøp i utlandet.

► **Blant tiltaka** er dobla CO₂-avgift for oljeindustrien og sterkare satsing på kollektivtransport og gang- og sykkelveggar.

sen viser seg i andre land. Finanskrisa har styrt merksemda mot meir kortsiktige problem.

I NORGE har det heva seg røys-ter både i Ap, Høgre, LO og NHO for å slakka på ambisjonen om å ta to tredelar av klimakutten på heimebane. På den bakgrunn er det positivt at regjeringa held fast på dette målet. Kvotekjøp i utlandet – det vil seia å betala andre land for å ta kutt me ikkje greier sjølve – kan vera eit supplement, men aldri ei erstatning for ein aktiv nasjonal klimapolitikk. Norge vil rett og slett ikkje vera truverdig internasjonalt dersom me som ein rik, men stor utsleppsnaasjon per innbyggjar ikkje gjer jobben vår på heimebane.

På dette punktet er me glade for at SV har vunne fram. Men det står att å sjå kva som blir det endelege resultatet. 30 prosent er eit formidabelt kutt, og det er kort tid til 2020.

OLJEINDUSTRIEN må ta ein stor del av børa. Det er ikkje urimeleg. Oljå står for over ein fire-del av alle norske klimagassutslepp, og har solid økonomisk rygggrad. Likevel vil det merkast at CO₂-avgifta på sokkelen blir dobla. Håpet er at dette vil setja i gang forskings- og utviklingsarbeid som gir ein reinare produksjon enn i dag. Det vil i neste omgang kunna gi eit konkurransefortrinn når norsk oljeindustri internasjoniserer seg.

Av lokal interesse er også signala om sterkare statleg støtte til kollektivtrafikk, særleg i storbyområda. Her må Stavangerregionen vera om seg. Men skal det monna, krevst det radikale tiltak som vil endra transportmønsteret i det mest bildominerte storbyområdet i landet.



Den ferske miljøvernministeren Bård Vegar Solhjell (SV) kunne innkassera ein siger i går. I bakgrunnen dei raud-grøne partileiarane Audun Lysbakken (SV), Liv Signe Navarsete (Sp) og Jens Stoltenberg (Ap). FOTO: SCANPIX

Terrortrusselen Sikkerhetstiltak

Stortinget skal ikke være en festning

HELDIGVIS forsikrer stortingspresident Dag Terje Andersen oss om at det ikke er aktuelt å ha bevæpnede vakter ved Stortinget. Ifølge Bergens Tidende er det ett av mange sikkerhetstiltak som er blitt vurdert etter 22. juli i fjor.

Vi forstår saktens behovet for å forsterke sikkerheten rundt Stortinget, spesielt siden nasjo-

nalforsamlingen var ett av Anders Behring Breiviks mulige hovedmål. Men Stortinget må for all del ikke framstå som en uinntakelig festning; nasjonalforsamlingen må fortsatt være tilgjengelig for folket.

Igjen står vi i dilemmaet mellom ikke å gi etter for frykten – det er jo nettopp hva terroristene vil – og ikke å være naive

Terrormål

► **Det arbeides** med planer for bedre sikring av Stortinget etter 22. juli-terroren.

overfor terrorfaren. Vi må tenke sikkerhet, men ikke overdrive. For det første kan vi aldri sikre oss så godt at vi eliminerer terrorfaren; for det andre må vi unngå, slik Mats Fridlund skrev i en tankevekkende artikkel i Aftenbladet i går, å bygge et samfunn som gjør terrorfrykten til en integrert del av hverdagen.

Stemmer

fra andre aviser

Mønsterkommune? Tja...

Ordfører i Klepp, Ane Mari Braut Nese (H) skildra Klepp som bortimot ein mønsterkommune då ho for ein månad sidan svarte på ein interpellasjon om utgreiing om kommunesamanslåing. Oppslaget om den økonomiske stoda innan helse, sosial og omsorg her i avisa fredag tyder på at situasjonen i kommunen ikkje er fullt så problemfri. «Massive økonomiske problem», er formuleringa rådmann Svein Tore Åtland bruker om situasjonen for helse, sosial og omsorg.

Jærbladet

Skoleveiene først

Alle kommuner bør føle seg forpliktet til å prioritere skoleveiene når det bygges gang- og sykkelveier. (...) Skal det bli mer attraktivt å sykle og gå, må bygging av gang- og sykkelveier prioriteres så kraftig at en kan legge til rette for både skoleelever og andre grupper som beveger seg til fots eller med sykkel.

Strandbuen

Slepp lyset gjennom

Ei lita avis skal ikkje bresa seg for mykje, men det må vera lov å våga påstanden om at ingen er så god på livet som lokalavisa. Og akkurat i desse dagar trengst me meir enn nokon gong. Ikkje som misplasserte blondgardiner på det svarte alvoret, men som sprekker der lyset kan sleppa gjennom.

Suldalsposten

Årets lokalavis

På mange områder kan Dalane Tidende bli bedre. Det er heller ikke vanskelig å finne lokalaviser som gjør ting vi kan lære av. I avisbransjen vet vi at det som var godt nok i går, ikke holder i morgen. Dalane Tidende må og skal utvikle seg videre. Kåringen som årets lokalavis skal ikke bli en sovepute, men en inspirasjon til videreutvikling og forbedring av avisen.

Dalane Tidende

Rettsfokus

Landslagets assistenttrener Ola By Rise forsikrer at han følger med på FKHS Alexander Søderlund. Søderlund på sin side konsentrerer seg om kampen mot Viking til helgen. Rett fokus fra begge to, med andre ord.

Gaugesunds Avis